

Hei, Henriette

Du vart fyrste gong vald som vara til utval for kultur, idrett og regional utvikling 27.10.2016. På fylkestinget 15.06.2016 vart det eit nyval av utvalet med berre nokre få endringar. Du vart difor vald inn igjen i utvalet, og det vart såleis sendt ut nytt brev med melding om val.

Du har rett til å krevje fritak etter § 14 i kommunelova, slik det vart nemnt i brevet du fekk, dersom du:

1. har gjort teneste som medlem i vedkomande organ dei siste fire åra.
2. er medlem av eit parti som er registrert etter partilova kap. 2 dersom valet er gjort på grunnlag av listeforslag som ikkje er sett fram av dette partiet.

Etter kommunelova § 15 punkt 2: "Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet."

I den tid du er i Zanzibar vil sjølvsagt § 15 punkt 2 kunne leggest til grunn for å søkje om permisjon. Då må du i så fall sende ei permisjonssøknad til Hordaland fylkeskommune, til meg (Ingeborg.borgen.takle@hfk.no), så vert den handsama i neste fylkesting i oktober. I permisjonssøknaden må du skrive grunna for søknaden, samt tidsrommet søknaden gjeld for. Dersom du ønskjer å søkje om fritak frå heile valperioden må du grunngje kvifor du ikkje kan skjømte plikta din i vervet utan uforholdsmessig vanskelegheit eller belastning i ei fritakssøknad. Denne vert og handsama i fylkestinget i oktober.

Dersom dato for når du søker permisjon eller fritak vil vere før fylkestinget i oktober vil vi tolke søknaden din som at du melder forfall til møtene fram til saka vert handsama.

Med venleg helsing

Ingeborg Borgen Takle

Rådgivar

Økonomi- og organisasjonsavdelinga | Sekretariat

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf. 55 23 92 81

www.hordaland.no